



Linn Fløysand Medaas og Ivar Andrè Medaas
Isdalstøbakken 72
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/576 - 15/23351

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
26.06.2015

Søknad om reduksjon av gebyr innvilges gbnr 137/117 Alver

Administrasjonen syner til Dykkar klage på gebyr for handsaming av søknad om einebustad, motteke her den 08.06.2015.

Saksutgreiing

Det var søkt om etablering av einebustad på gbnr 137/117. Det vart gjeve avslag på denne i vedtak datert 04.03.2015. Avslag på søknaden vart endeleg handsama i politisk utval den 06.05.2015, der Plan- og Miljøutvalet ga medhald til søkjer, og gav løyve til etablering av bustad.

Søkjer fekk gebyr for avslaget, og samstundes gebyr for løyve for overnemnde vedtak. Dette er no påklaga med slik grunngjeving:

«Dette er dobbelfakturering av gebyr, og vi kan ikkje finne i Lindås kommune sitt gebyrregulativ at ein skal betale to gongar

sakshandsamingsgebyr og kartbasis gebyr for same sak.

Ber difor om kreditnota for sakshandsamingsgebyr og kartbasis gebyr som vart fakturert 02.06.2015, da dette allereie er

betalt i forrige faktura fra Dere.

Vi stiller oss tvilande til tida sakshandsaminga har tatt, og finn ingen lov som seier at De kan ta gebyr for Dykkar

sakshandsamingsfeil.

Minner også om at saka er sendt elektronisk, og skal difor ha redusert gebyr»

Vurdering

«Kommunen kan etter søknad, eller på eget initiativ, ettergi gebyret helt eller delvis dersom gebyret anses som åpenbart urimelig i forhold til arbeid og kostnader kommunen har hatt med saken, eller dersom gebyret anses som åpenbart urimelig av andre grunner. Personlige eller sosiale forhold kan ikke hensyntas i en slik vurdering.»

Det vart i fyste omgang gjeve avslag på søknad, men dette vedtaket vart omgjort. Uavhengig av dette er vedtaket eitt enkelt vedtak, og kommunen vurderer difor det som ei urimeleg å pålegge søkjer to gebyr i saka.

Det vurderast difor i denne saka at søkjer kan gjevast medhald i si klage på gebyr.

Vedtak



Med heimel i gebyrregulativet punkt 4.12 vert søknad om reduksjon av gebyr godkjent. Gebyr for handsaming av avslag på søknad beløp 13.700 kr for handsaming og 500 kroner for bruk av kartbasis skal kreditterast søkjer.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. Fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Linn Fløysand Medaas og Ivar André Isdalstøbakken 72 5916
Medaas

ISDALSTØ